Aukra kommune

Planomtale	
Plannamn	Reguleringsplan gang- og sykkelveg Smågetoppen
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547202201
Saksnummer i arkiv:	PLAN-22/00064
Datert:	
Sist revidert:	
Vedtak:	Vedteken i Kommunestyret den xx.xx.xxxx, sak xx/xx

Aukra – full av energi

Rapporteringsstatus:

☐ Endelig

☐ Oversendelse for kommentar

☒ Utkast

Utarbeidet av:	Sign.:
Torill Einara Nerbøvik	NOTONE
Kontrollert av:	Sign.:
Steinar Lillefloth	NOSLIL
Prosjektleder:	Prosjekteier:
Torill Einara Nerbøvik	Jan Gunnar Simonhjell

Revisjonshistorikk:

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet av	Kontrollert av

Innhald

1 Innleiing 5
1.1 Føremålet med planarbeidet 5
1.2 Plassering 5
1.3 Arealoppgåve 6
2 Tilhøvet til andre planar 7
2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel - Aukra 2030 7
2.2 Kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 7
2.3 Kommunedelplan Aukra kommune – Klima- og miljøplan 2030 7
2.4 Trafikktryggleiksplan for Aukra kommune 8
2.5 Andre planar eller retningsliner av betydning for planarbeidet 8
3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve 9
3.1 Lokalisering, avgrensing og storleik av planområdet 9
3.2 Dagens arealbruk 9
3.3 Topografi 11
3.4 Naturverdiar etter naturmangfaldlova og framande artar 12
3.5 Friluftsliv 13
3.6 Kulturminne og kulturmiljø 13
3.7 Landbruk 14
3.8 Klima og miljø 15
3.9 Barn- og unge sine interesser 16
3.10 Universell utforming 16
3.11 Trafikktilhøve 16
3.12 Kollektivtrafikk 16
3.13 Teknisk infrastruktur 16
3.14 Grunntilhøve 18

4 Omtale av planforslaget 20
4.1 Føremål med planen 20
4.2 Planlagt arealbruk 20
4.2 Reguleringsføremål 21
5 Konsekvensar av planforslaget 22
5.1 Behov for eventuell konsekvensutgreiing 22
5.2 Naturverdiar etter naturmangfaldlova og framande artar 22
5.3 Friluftsliv 22
5.4 Kulturminne og kulturmiljø 22
5.5 Landbruk 22
5.6 Klima og miljø 24
5.7 Barn- og unge sine interesser 24
5.8 Universell utforming 24
5.9 Støy 24
5.10 Trafikktilhøve 24
5.11 Kollektivtrafikk 25
5.12 Teknisk infrastruktur 25
5.13 Grunntilhøve 25
5.14 Risiko og sårbarheit (ROS) 26
6 Planprosessen 27
6.1 Planprosess 27
6.2 Varsling av planoppstart 27
6.3 Offentleg ettersyn – innkomne merknadar 27

1 Innleiing

1.1 Føremålet med planarbeidet

Visjonen til Aukra kommune i Klima- og miljøplan 2030 er at alle Aukrainnbyggarane i 2030 reiser med miljøvennleg transport. Dette vil kommunen oppnå med klimavennleg arealplanlegging og stimulering til bruk av gange og sykkel.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av gang- og sykkelveg med tilhøyrande anlegg langs delar av fylkesveg 531 (Smågevegen) på Gossen i Aukra kommune. Dette er eit grep for å gjere det enklare og tryggare for gåande og syklande på strekninga frå Smågekrysset til Smågetoppen.

1.2 Plassering

Figur 1: Kart viser plassering av planområdet, markert med rød ring. (kart frå Gislink.no)

Planområdet ligg på vestsida av Gossen i Aukra kommune. Strekninga for gang- og sykkelveg følgjer fv. 531, og er om lag 1,1 km lang. Den går langs Smågevegen frå Smågekrysset til Smågetoppen. Frå Smågevegen kan ein ta av vidare vestover langs Stongnesvegen, og på enden ta ferga over til øyene Orta - Sandøy – Finnøy – Ona.

Figur 2: Flyfoto som viser den 1,1 km lange strekninga det er planlagt gang- og sykkelveg langs. Frå Smågekrysset i aust til Smågetoppen i nordvest, forbi Stongneskrysset kor vegen går vidare vestover til Småge fergekai.

1.3 Arealoppgåve

Nøkkelopplysningar			
Gnr/bnr.	3/5,102 og 4/59, 32, 24, 4, 7, 74, 8, 5, 31, (2, 3)		
Forslagsstillar	Aukra kommune	Tekniske tenester	
Planen er utarbeidd av	Sweco Norge AS, avd. Molde		
Konsulentar	Torill Einara Nerbøvik	Planforslag	Sweco
	Steinar Lillefloth	Plankart, ROS	Sweco
	Amund Bach Stranden	Veggeometri	Sweco
Planområdet sin storleik	ca. 21 daa		
Hovudføremål	Gang- og sykkelveg		
Areal-lengde	ca. 1,1 km		
Krav om KU	Nei		
Kunngjeringar	Varsel om planoppstart	20.05.2022- 01.07.2022	
	Planforslag til offentleg ettersyn	xx.xx.xxxx – xx.xx.xxxx	

2 Tilhøvet til andre planar

2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel - Aukra 2030

Aukra kommune har som gjennomgåande perspektiv i kommuneplanen sin samfunnsdel å vere ein attraktiv kommune. For å bli det vil ein vidareutvikle infrastrukturen gjennom mellom anna tiltak i trafikktryggingsplanen. Aukra kommune sett og søkelys på klima og miljø i samfunnsdelen, og då mellom anna knytt til utsleppsreduksjon i transportsektoren og mål om at fleire skal kunne forflytte seg miljøvennleg. Dette ønsker ein mellom anna å oppnå ved gode løysingar for sykkel og gange, stimulering til at fleire skal gå og sykle, samt trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelvegar.

2.2 Kommuneplanen sin arealdel 2016-2028

Gang- og sykkelvegen er vist i kommuneplanen sin arealdel 2016-2028, og planforslaget vil derfor vere i samsvar med overordna plan. Traseen er flytta lengre mot nord, og går parallelt med dagens veg, fv. 531.



Figur 3: Utdrag av plankartet frå kommuneplanen sin arealdel (Kommunekart)

Plankartet viser arealføremålet LNFS – Landbruks-, natur- og friluftsføremål der spreidd bustad er tillate på sørsida av fv. 531. Planføresegnene seier at innanfor LNFS 7, 8, 9 og 10 er det tillatt med fem bustader. På nordsida er området regulert til noverande bustadformål, forutan eit lite strekke like ved Smågekrysset som er LNF.

Innspel nr 17, Bekkerholen, i arealdelen sin konsekvensutgreiing gjeld etablering av gang- og sykkelveg og ny trase for fylkesvegen forbi bustadområdet Bekkerholen. Innspelet er føreslått av Aukra kommune og vurdert som positivt, og er lagt inn i plankartet som to alternative trasear sør for fylkesvegen. Begge alternativa inneber flytting av køyrevegen, den eine flytting av heile traseen og den andre av vestre halvdel. Ved etablering av gangveg på sørsida av eksisterande fv. 531 vert dagens trasé vurdert som valt alternativ.

2.3 Kommunedelplan Aukra kommune – Klima- og miljøplan 2030

Aukra kommune har som hovudmål i Klima- og miljøplan å bidra til å redusere klimagassutsleppa med heile 55% innan 2030. Dette ønskjer ein å gjere med mellom anna miljøvennleg transport. Aukra kommune har ein visjon om at i 2030 reiser alle Aukrainnbyggarane med miljøvennleg transport. Dette vil ein oppnå med klimavennleg arealplanlegging og stimulering til bruk av gange og sykkel.

2.4 Trafikktryggleiksplan for Aukra kommune

Aukra kommune sin Trafikktryggingsplan for Aukra kommune 2019-2022 skal vise kva område og tiltak som skal prioriterast av kommunen dei kommande åra. Gang- og sykkelveg frå Smågekrysset har i denne prioritet nummer 1 av strekningar for etablering av gang- og sykkelvegar.

2.5 Andre planar eller retningsliner av betydning for planarbeidet

2.5.1 Tilgrensande reguleringsplanar

Det er ingen eksisterande reguleringsplanar som grensar til planområdet.

2.5.2 Rundskriv og retningsliner

I alt planarbeid skal statlege lovverk følgast.

- Veglova (Lov om vegar - LOV-2021-05-07-34 – frå 01.06.2021)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (26.09.2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (rev. 13.09.2019)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (28.09.2018)
- T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
- Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging, NVE (Retningslinje 2/2017)
- Handbok N100 Veg- og gateutforming, Statens Vegvesen (22.juni 2021)
- Handbok N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr, Statens Vegvesen (4. april 2022)
- Handbok V127 Kryssingssteder for gåande, Statens Vegvesen (april 2017)

3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

3.1 Lokalisering, avgrensing og storleik av planområdet

Området ligg på Småge, vest på Gossen. Planområdet går langs fv. 531 frå Smågekrysset til Stongneskrysset, og vidare langs fv. 6046 opp til Smågetoppen. Strekninga er om lag 1,1 km lang og planområdet dekker ca. 21 dekar.

Storparten av bebyggelsen er plassert nord for vegen, og er per i dag 31 bustadhus. På sørsida av vegen er det seks bustadhus, kor fem er i bruk. Gang- og sykkelvegen er planlagt lagt på sørsida av vegen, på tross av at hovuddelen av bebyggelsen ligg på nordsida. Fordelane med gang- og sykkelveg på sørsida er at den vil gi langt færre kryssingar av avkøyrsler og dermed betre flyt. Den kjem og inn på færre eigedomar enn om ein vert lagt på nordsida av fylkesvegen. På nordsida er det også ei fjellskjering som vil være svært fordyrande å kome forbi. Bygging på nordsida vil innebere eit større inngrep i terrenget, naturområde og hageområde. Saman er dette vurdert til å gjere bygging på nordsida lite realiserbar, særleg med tanke på den låge ÅDT her (250).

Figur 4: Kart som viser plangrense markert med svart stipla linje (Sweco).

3.2 Dagens arealbruk

I følge NIBIO si kartfesting er det på sørsida langs Smågevegen, sterkt omdanna, grunn myr. Same kartbase viser at det nært Smågekrysset er registrert eit 14.1 dekar stort område med lauvskog, kor 3,1 dekar er klassifisert med middels bonitet og resten med låg. Nærast Stongneskrysset er det fulldyrka og overflatedyrka jord. Innanfor planavgrensinga er også tre hageområde, krigsminne frå andre verdskrig og to SEFRAK-registrerte bygningar.

Figur 5: Bilete av Smågekrysset sett mot øst.

Figur 6: Til venstre er bilete av noverande busskur, som skal erstattast. Til høgre er murar etter potetkjellar frå andre verdskrig og området kor det er planlagt kollektivhaldeplass og leskur.

Figur 7: Biletet viser dei eldre SEFRAK-registrere bygningane til venstre (sør for) vegen. Til høgre (mot nord) er lauvskog og bratt fjellskjering opp mot Smågetoppen. Køyrevegen er her på det smalaste 4 meter, og det kan vere vanskeleg for to større køyretøy og møtast. Avkøyrsla ned til desse husa er ei av tre avkøyrsler som er planlagt sanert.

Figur 8: Bileta viser Stongneskrysset kor tre vegar som møtast. Til venstre ser ein fv. 6046 mot Smågetoppen, som har vikeplikt for trafikken på fv. 531. Til høgre ser ein fv. 531 mot øst, og vegen mot Smågekrysset. I midten er bilete av fv 531 mot vest og Småge fergekai.

Figur 9: Biletet viser innkøyringssituasjonen ved Smågetoppen, kor det er etablert to avkøyrsler. Den til høgre er nytta av Smågetoppen bustadfelt (6 bustadhus), og ligg i bakkeskråning. Den øvste ligg på toppen av bakken og er nytta av den øvrige bebyggelsen ved Smågetoppen (3 bustadhus). Avkøyrslene er planlagt slått saman.

3.3 Topografi

Småge ligg i eit småkupert kystslettelandskap på ytre kyst. Planområdet er stort sett flatt på sørsida av vegen frå Smågekrysset til ein kjem til krysset ut til Stongnesvegen. Aust for Stongneskrysset skrår

terrenget bratt nedover mot dyrkamarka i sør. Vest for krysset skrår terrenget oppover mot Smågetoppen. På nordsida av vegen er terrenget vesentleg meir kupert, særleg ved svingen nedanfor Smågetoppen. Husa er elles stort sett heva frå køyrevegen opp mot Smågehaugen og Bekkerholen.

3.4 Naturverdiar etter naturmangfaldlova og framande artar

Av Naturbase går det fram at planområdet ligg om lag hundre meter nord for kystlyngheiområdet Småge-Kvalvågen-Halhaugen. Lokaliteten er av verdikategori svært stor verdi, då det er eit større, intakt lyngheilandskap som framleis vert beita. Om lag 500 meter nordvest for Smågetoppen er også eit kystlyngheiområde; Småge-Stongneset-Røssøya.

Figur 10: Dei lyseblå områda viser til grunn myr. Den mørkeblå viser til djup myr. Det grøne området er rik edellauvskog. Det gulgrøne er kystlyngheiområdet Småge-Kvalvågen-Halhaugen (Naturbase).

Figur 11: Dei oransje sirklane viser til truga artar, dei lyseblå til livskraftige artar og dei mørkeblå til framande artar (Artskart).

Ved svingen sør for Smågetoppen er det ein rik edellauvskog. Dette er ein større og velutvikla hasselskog, som i tillegg har ein av dei nordlegaste kjende bestandane av vanleg begerhagtorn (karplante). Lokaliteten har verdi svært viktig. Det er også observert skogfiol og hetterødespore; begge klassifisert som livskraftig (Naturbase og Artskart).

Ved Smågetoppen er det observert ein gråspett i 2019. Denne er ein utvalt art av Miljødirektoratet og såleis av nasjonal forvaltningsinteresse. Den er klassifisert som livskraftig. I 1983 vart det observert ein grønfink. Grønfinken er vurdert som sårbar. Det er også ein observasjon av kysthumle innanfor

planområdet. Denne står på Norsk rødliste og er nær trua. Observasjonen vart gjort i 1957 (Naturbase og Artskart). Det er ikkje informasjon om desse artane har etablerte koloniar/hekkeområde innan planområdet.

Det kjem ein vassførekomst frå nordaust. Den går aust for Smågehaugen og vidare sørover, under fylkesvegen, for så å svinge mot vest sør for Våthaugen og endar ut ved Smågesjøen. Denne er ein del av Gossa sør-Orta bekkefelt. Førekomsten er liten (6,7 km), kalkfattig og svært humøs, og klassifisert som av god økologisk tilstand.

Det er registreringar av japanlerk og hybridlerk nordaust for Våthaugen. Desse vart observert i 2016, og er framande for det økologiske systemet på Gossen. Dei utgjer høg til svært høg økologisk risiko då dei har eit moderat til stort invasjonspotensial. Dei etablerer seg mellom anna i kystlyngheia kor dei ikkje høyrer heime. Her er også observert bringebær; ein livskraftig art i karplantefamilien som ikkje er klassifisert som framand.

3.5 Friluftsliv

Frå Smågetoppen går det ein sti til Solem og Ægar'n. Stien bind saman tre bustadområde og er delvis lyssett. Den går langs gamle ferdselsvegar og er stort sett nytta av lokale brukarar. Stien har stort potensiale og er klassifisert som eit viktig friluftsområde for Aukra kommune.

Smågevatnet naturreservat, om lag 500 meter vest for Smågetoppen, er verna for å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. Rundt Smågevatnet er nokon av Norge sine best bevarte kystlyngheiområde. Området rundt Smågevatnet er statleg sikra, og er klassifisert som eit svært viktig friluftsområde. Det går ein sti frå Smågevatnet til Brenslen og vidare til Småge ferjekai. Vidare er det mogleg å følgje eit trakk rundt og tilbake til Smågevatnet. Området er mykje nytta av lokale brukarar, men og av andre besøkande.



Figur 12: Dei røde felta viser til friluftsområde. Desto mørkare rød, de høgare er området verdisett (Naturbase). Stien over Smågetoppen lengst aust, og Smågevatnet naturreservat lengst vest (Gislink.no).

3.6 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men Småge har ei kjend historie som sentralområde for tyskarane under andre verdskrig. Smågeleiren strekte seg over eit stort område, og bestod av brakker med mange ulike funksjonar. Dei fleste var bustadbrakker og lagerbrakker. Mange av murane står enno. To område med krigsminne ligg innanfor planområdet. Det

eine er murar etter ein potetkjellar. Den andre er murar etter vaskeriet og systua. Den første muren er framleis synleg, sjølv om den til dels er attgrodd. Dei andre murane er ikkje synlege lenger.



Figur 13: Kart over Smågeleiren, henta frå Aukra gjennom tidene 1995; Krigsår og fredsfeiring. Blå sirkel viser potetkjellar og raud sirkel viser vaskeri/systue.

Innanfor planområdet er to SEFRAK-registrerte hus. Desse står ifølge informasjon frå Braarkiv på garden kalla «Innai hau'n». Eitt av husa er eit våningshus. Huset vart bygt rundt 1880, og bygt på seinast i 1930. Det andre huset er ei løe, bygt mellom 1876-1880. I kartdatabasen Askeladden er begge bygningane vist med grå trekant, noko som normalt sett skal tilseie at dei er rivne. Bygningane står framleis. Våningshuset er i dårleg stand og ikkje bebudd. Løa er i bruk til lagring.

Figur 14: Flyfoto frå Askeladden som viser dei to SEFRAK-registrerte bygningane markert med grå trekant.

3.7 Landbruk

Det er landbruksområde ved krysset til Stongnesvegen. På begge sider av Stongnesvegen er det fulldyrka jord. På sørsida er det nærast vegen ei bratt fylling knytt til vegen. Denne fyllinga inngår ikkje som ein del av dyrkamarka. Ifølge arealressurskart, AR5, frå NIBIO er landbruksjorda klassifisert som

av middels verdi. På nordsida er jorda klassifisert som av stor verdi. Myrområda frå Smågekrysset til Smågehaugen er klassifisert som dyrkbar jord av noko verdi.

Figur 15: Kart frå NIBIO. Verdiklasser basert på AR5 og DMK, samt for dyrkbar jord. Oransje felt viser til middels verdi på landbruksjorda, og røde felt viser til høg verdi. Oransje skravur viser til dyrkbar jord av noko verdi.

Figur 16: Biletet til venstre viser landbruksområdet sør for Stongneskrysset, kor det er ei bratt vegfylling frå køyrevegen og ned til nytta dyrkamark. Biletet til høgre viser dyrkamarka vest for fv. 6046, som av NIBIO sitt kart er definert til å vere av høg verdi.

3.8 Klima og miljø

Dei seinare åra har Aukra kommune bygd gang- og sykkelvegar med veglys langs fylkes- og kommunevegar. Dette har vore ei bevisst satsing med omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for fotgjengarar og syklande, og for å redusere bilbruk. I handlingsdelen til Aukra kommune sin klima- og miljøplan (nr. 34) står det at kommunen skal halde fram med dette i all planlegging.

Aukra kommune har som hovudmål for sitt klimaarbeid å bidra til at det nasjonale målet om 55 prosent kutt av klimagassutslepp i ikkje-kvotepliktig sektor vert nådd innan 2030. I global samanheng skal Aukra kommune fremme lågutsleppssamfunnet med å redusere forbruket og stille klimakrav til varer og tenester som kommunen kjøper. Tiltak nr. 74 seier at kommunen skal synleggjere klimafokuset i alle plan- og utbyggingssaker, og ifølge tiltak nr. 16 prioritere grøne og innovative anskaffingar.

Det er nytta Miljødirektoratet si teneste grunnforureining for å undersøke om planområdet inneheld forureining i grunnen, men det er ikkje funne kjende registreringar.

3.9 Barn- og unge sine interesser

Strekninga er ikkje tilrettelagt for ferdsel for barn og unge langs vegen, og dei må ferdast på same veg som biltrafikken.

3.10 Universell utforming

Strekninga er ikkje tilrettelagt med tanke på universell utforming.

3.11 Trafikktilhøve

ÅDT på strekninga frå Smågekrysset til krysset mot ferjekaia er 250 køyretøy. 120 køyrte vidare over Smågetoppen og 160 tok av mot Småge ferjekai. Trafikken er delvis samla rundt ferjeavgangar frå Småge 4-5 gonger i døgnet. Elles på døgnet er det lite trafikk. Fartsgrensa langs Fv531 er 60 km/t.

Det er registrert to trafikkuhell langs strekka. Eitt i 1977 og eitt i 1999. Begge uhella er skildra som hendingar kor ein fotgjengar kryssa vegen. Skadeomfang er ikkje registrert.

3.12 Kollektivtrafikk

Rutebussen køyrer om lag fem gonger dagleg rundt Småge/til Småge ferjekai på kvardagar og tre gonger på helg. Det er to busstopp langs strekninga. Det eine er ved innkøyringa til Smågehaugen. Det andre ved Smågetoppen, der kor gangvegen endar. Begge stoppa er etablert på sørsida av fylkesvegen.

3.13 Teknisk infrastruktur

Det er veglys langs strekninga. Desse vart hengt opp mellombels etter at ei anna strekning fekk LED-lys. Veglysa har behov for utskifting.

Kart frå Aukra kommune sin Hovudplan for avløp 2022-2025 viser at kommunale spillvassleidningar kryssar planområdet to stadar, i tillegg kjem denne nært tiltaket ved to høve. Fire stadar kryssast planområdet av private spillvassleidningar. Det er registrert kommunal overvassleidning i Smågekrysset. Det går vassleidning langs Smågevegen, på sørsida. Denne er registrert med anleggsår 1970, og har behov for fornying.

Figur 17: Kart som viser kommunalt og privat avløpsnett på Småge (Aukra kommune). Rød linje er kommunal spillvassleidning, oransje er privat og blå linje er kommunal overvassleidning.

Det ved fleire stader problem med store mengder overvatn og overfløyming langs strekninga. Det renn mellom anna ein bekk ned ved Smågehaugen. Denne kryssar fylkesvegen i røyr. Nord for vegen er bekken lagt i eit plastrøyr (PVC) med diameter på 35 cm. Sør for vegen kjem den ut frå eit betongrøyr med diameter på 40 cm. Plastrøyret er lagt som ei forlenging av betongrøyret, ca. 3 meter. Det er mykje vassføring her, og det flyt over kanalen ved bustadfeltet nord for fylkesvegen og over tilkomstvegen til bustadfeltet.

Figur 18: Bileta viser bekken ved Smågehaugen. Biletet til venstre viser utløpet sør for vegen, kor gang- og sykkelvegen er planlagt. Biletet til høgre viser frå kor bekken er lagt i røyr nord for vegen. Ein ser same lyktestolpe på begge bileta.

3.14 Grunntilhøve

Planområdet ligg under marin grense, og ligg ikkje i tidlegare kartlagd kvikkleirefaresone. NGU sitt lausmassekart viser mykje berg i dagen med marine strandavsettingar i dalstrøk, sjå Figur 19.



Figur 19: Lausmassekart frå ngu.no. Det blå feltet er områder med moglegheit for marin strandavsetting. Dei brune felta er område med torv og myr. Dei lyse beige felta er område med tynt humus-/torvdekke. Dei lyserosa er bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke.

NVE sitt kart for marin grense og mulighet for marin leire (MML) viser «stor» moglegheit for marin leire langs den aktuelle vegstrekninga, med «stort sett fråverande» der lausmassekartet viser berg i dagen, sjå Figur 20.



Figur 20: Kart frå ngu.no. Det blå området viser til stor moglegheit for marin leire. Dei skraverte felta viser område kor faren er stort sett fråverande.

Det er utført synfaring av Gossen av Sweco ved geoteknikar Louis Steigerwald den 5. oktober 2022 i samband med planlegging av grunnundersøkingar for utgreiing av kvikkleirefare for Aukra kommune. Tidlegare kartstudie inkluderte Smågeområdet der berg i dagen vart kartlagd basert på tilgjengeleg kartgrunnlag. Kartlagd berg i dagen vart verifisert av observasjonar under synfaring. Sjå Figur 21, samt bilete frå området i Figur 22.



Figur 21: Kartlagd berg i dagen.

Figur 22: Nokon stader kor det vart observert berg i dagen ved synfaring. Ved gbnr. 4/31 (A), aust for gbnr. 4/40 (B), framfor gbnr. 4/40 (C) og framfor gbnr. 4/41 og 4/27.

4 Omtale av planforslaget

4.1 Føremål med planen

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av gang- og sykkelveg med tilhøyrande anlegg langs delar av fylkesveg 531 (Smågevegen) på Gossen i Aukra kommune.

Gang- og sykkelvegen er vurdert lagt på sørsida av fylkesvegen med følgande grunngjeving:

- Fleire av bustadane på nordsida av fylkesvegen ligg nært vegen og har små hagar, og dersom gang- og sykkelvegen vert lagt til denne sida vil det det medføre store inngrep på allereie avgrensa areal. På sørsida av vegen ligg bustadane lengre unna vegen, og det er derfor ikkje like inngripande å etablere gang og sykkelvegen på denne sida.
- Det er fleire tilkomstvegar på nordsida av fylkesvegen som er bratte, og med etablering av gang- og sykkelveg på denne sida vil dei verte enda brattare.
- Terrenget i vestre del av planområdet er bratt med fjellskjering mot nord og hellande skråning/fylling mot sør. På toppen av fjellskjeringa er det også etablert fleire bustadar. Dersom ein skulle ha etablert gang- og sykkelvegen på denne sida av fylkesvegen må ein anten skjære seg lengre inn i fjellet og då truleg innløyse bustadar, eventuelt legge om fylkesvegen slik at det vert plass til gang- og sykkelveg utan å måtte skjære seg inn i fjellet.
- Ved å leggje gang- og sykkelvegen på sørsida av vegen kan denne leggjast lågare i terrenget enn fylkesvegen, og på den måten unngå å gå inn i eksisterande skjering/fylling, og dermed redusere fyllingsbehovet vesentleg.

Møre og Romsdal fylkeskommune aksepterte den framlagde løysinga i uttale til Aukra kommune 1. desember 2021, med tilråding om utarbeiding av reguleringsplan.

4.2 Planlagt arealbruk

Tabellen nedanfor gir oversikt over storleik til reguleringsføremåla som inngår i planforslaget i h.h.t. pbl. § 12-5 og § 12-6.

Reguleringsformål	Storleik (daa)
§12-5. Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	2,6
Gang/sykkelveg	3,3
Annan veggrunn – grøntareal	11,9
Leskur/plattformtak	0,01
Kollektivhaldeplass	0,1
§12-5. Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift	
Landbruksformål	2,9
§12-6 Omsynssoner	
Frisiktsone (H140)	1,0

4.2 Reguleringsføremål



Figur 23: Reguleringsplankart gang- og sykkelveg Smågetoppen

4.2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl §12-5, nr. 2)

- Køyreveg (KV)
  - f_KV1 - f_KV3 og f_KV7
  - o_KV4 – o_KV6
- Gang- og sykkelveg (GS)
  - o_GS1 – o_GS10
- Annan veggrunn (AVG)
  - o_AVG1 – o_AVG17 og o_AVG20 – o-AVG21
  - f_AVG18 – f_AVG19
- Leskur/plattformtak (LPL)
  - o_LPL
- Kollektivhaldeplass (KH)
  - o_KH
- Landbruksformål
  - L

4.2.4 Omsynssoner (Pbl §12-6)

- Frisiktssone
  - H140_1 – H140_22

4.2.5 Rekkefølgekrav

- Krav til dokumentasjon
- Avkøyrsler

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Behov for eventuell konsekvensutgreiing

Aukra kommune har undersøkt §§ 6, 7, 8 og 10 i forskrift om konsekvensvurderingar, men finn ikkje at det vert løyst ut krav om slik.

5.2 Naturverdiar etter naturmangfaldlova og framande artar

Dei miljørettslege prinsippa i §§8-12 i Naturmangfaldlova skal leggast til grunn som retningslinjer i all planlegging som vedkjem naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 7. Prinsippa skal sikre at naturmangfald blir vurdert med myndigheitsutøving som angår natur.

Ved vurdering av § 8 skal ein finne ut kva naturmangfald som kan påverkast, kva tilstand dette naturmangfaldet har og kva effektar planforslaget vil ha på naturmangfaldet. Ei viktig kjelde til kunnskap er ulike typar stadfesta informasjon publisert i offentlege databasar (t.d. Naturbase og Artskart)

Sjølv om planforslaget i liten grad råkar naturmangfald, er det føreteke søk i Naturbase og Artskart, jf. Naturmangfaldlova § 8. (sjå kapittel 3.5). Det er ikkje påvist effektar av tiltaket på naturmangfald. I og med at naturmangfald i liten grad råkast av planforslaget og det ikkje kan påvisast effektar av planen på verdifull natur, legg Aukra kommune det til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar av §§ 9 til 12.

I føresegnene vert det lagt føre at svartelista artar kan fjernast, men då i samråd med kommunen og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

5.3 Friluftsliv

Det er gode moglegheiter for friluftsliv i nærområdet, og planforslaget bidreg til å lette tilkomsten til desse områda gjennom at det vert lagt til rette for gang og sykkelveg.

5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for kjende automatisk freda kulturminne. Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmynde i fylkeskommunen kontaktast, jf. lov om kulturminner §§ 3 og 8.

To murar etter den tyske okkupasjonen under andre verdskrig vert direkte råka av tiltaket. Krigsminna er ikkje vurdert til å vere av særleg verneverdi, og kan på bakgrunn av det fjernast til fordel for trafikktryggingstiltak. Murane vert dokumentert før fjerning.

5.5 Landbruk

I samband med reguleringsplanen vil det gå tapt noko produktivt landbruksareal. Dette inneber at ca. 5,6 daa dyrkbar jord og ca. 2,7 daa. fulldyrka jord vert omdisponert til samferdselsformål.

Tabellen viser oversikt over omdispinering av landbruksareal, samt samla arealbruk i planforslaget:

§	Formål	Dyrka mark (m^2)	Dyrkbar mark (m^2)	Annet areal (m^2)	Sum totalt areal (daa)
Reguleringsformål					
PBL § 12-5 nr. 2	Kjøreveg (KV)			2 600	2,6
	Gang-/sykkelveg (GS)	300	1 800	1 200	3,3
	Annen veggrunn – grøntareal (AVG)	2 400	3 800	5 700	11,9
	Leskur/plattformtak (LPL)			10	0,01
	Kollektivholdeplass (KH)			100	0,1
PBL § 12-5 nr. 5	Landbruksformål	2 900			2,9
SUM reguleringsformål		5 600	5 600	9 610	**20,81**
Hensynssoner					
PBL § 12-6	Frisikt (H140)				1,0

For eigedom 4/2,3 er det valt å slake ut delar av fyllinga for å nytte meir av fyllingsarealet til dyrka mark. Øvre del av fyllinga har helling 1:3 for å ta opp ein del av fyllingshøgda før ein reduserer hellinga til 1:7. Matjord frå området skal etter at anlegget er ferdig tilbakeførast til landbruksformål, og områda skal ryddast og settast til stand til opphavleg føremål, med unntak for den delen av matjorda innanfor veganlegget.



Figur 24: Løysing knytt til tilrettelegging for størst mogleg utnytting av dyrkamarka på gbnr. 4/2,3.

5.6 Klima og miljø

Aukra kommune skal ha eit spesielt fokus på klimavennlege løysingar i kommunale anskaffingar, og vil i samanheng med dette planforslaget søke å oppfylle mål om klimagassreduksjon. Utslepp frå dieseldrivne maskiner i sektoren for bygg og anlegg varierer år for år, i stor grad i samanheng med mengd byggeprosjekt. Frå 2018 til 2020 har utsleppa verte redusert med 17,7% (miljodirektoratet.no). Ved å sette søkelys på utslippsvennlege anleggsmaskiner, kan ein halde fram med utsleppsreduksjonen sjølv om det pågår fleire prosjekt samtidig.

Aukra kommune, som byggherre, skal utarbeide ein plan for ytre miljø, (YM-plan) for prosjektet. YM-planen skal ta vare på heile livsløpet til vegen og omfattar støy, vibrasjonar, luftforureining, forureining av jord og vatn, landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø, energiforbruk, materialval og handtering av avfall (NS 3466:2009 Miljøprogram og miljøoppfølgingsplan for ytre miljø for bygg-, anleggs- og eiendomsnæringen).

Moglegheit til å kunne gå og sykle trygt langs med vegen kan stimulere til å fleire let bilen stå, og nyttar seg av dette. Det vil ha positiv innverknad på klima og miljø, samt folkehelsa.

5.7 Barn- og unge sine interesser

Gang- og sykkelvegen vil bidra til at ferdselen på strekninga mellom Smågekrysset og Smågetoppen vert meir trafikksikker og tilgjengeleg, særleg for barn og unge.

5.8 Universell utforming

Gang- og sykkelvegen vil bli utforma etter prinsippa om universell utforming, dette er nedfelt i føresegnene.

5.9 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442/21 leggast til grunn, dette er nedfelt i reguleringsføresegnene.

På støysonekart frå Statens vegvesen datert mai 2018 ligg dei eksisterande bustadene nærast planområdet utanfor gul sone, det vi seie at utandørs støynivå gjennom døgnet ligg mellom 55 – 65 dB. Då bygging av ein gang- og sykkelveg i seg sjølv ikkje medfører ei auke i støynivå, vil det i følgje Statens Vegvesen normalt sett ikkje utløyse krav om støyskjerming ved bygging av ny gang- og sykkelveg.

5.10 Trafikktilhøve

Ved etablering av gang- og sykkelveg vert det eit trygt skilje mellom køyretøy og gåande/syklande.

Det vert lagt opp til tilrettelagt kryssing for bustadane på nordsida av fylkesvegen. Tilrettelagt kryssing har ikkje sebrastriper og dei køyrande på vegen har ikkje vikeplikt for fotgjengarar. Fotgjengarar må dermed vente ved sidan av vegen til det er klart for å krysse. Med tilrettelagt kryssing vert det etablert ventearеal på begge sider av vegen, slik at gåande kan stå ved sidan av vegen til det er klart for å krysse. Ventearеal kan f.eks. vere i eigen avkøyrsle på den eine sidan og at ein på den andre sidan fyller opp grøft eller senker ned kantstein for å enkelt komme inn på gang- og sykkelvegen. Ved kryssingspunkt skal også forsterka belysning vurderast (Handbok V127).

Moglegheit til å kunne gå og sykle trygt langs med vegen kan føre til at fleire nyttar seg av dette.

Gang- og sykkelvegen er planlagt med tanke på at ein i framtida skal ha moglegheit for å utvide fv. 531 ved Stongneskrysset og ei strekning mot aust, svingen nedanfor Smågetoppen, kor fylkesvegen er til dels smal. Gang- og sykkelvegen er trekt ca. 4,5 – 9,0 meter frå fylkesvegen i dette området.

Det er føreslått ei endra kryssløysing ved Stongneskrysset på bakgrunn av det uoversiktlege trafikkbilete der skilting og vikepliktsforhold ikkje stemmer overeins med anna vegutforming. Trafikken til og frå fv. 6046 har vikeplikt, medan det i dag er fv. 531 Stongnesvegen som kjem inn i kryssområdet som ein sekundær veg. Dette er det foreslått rydda opp i med at fv. 531 blir retta noko ut og fv. 6046 blir utforma som ein tydeleg sekundær veg i krysset.



Figur 25: Foreslått kryssløysing mellom fv. 531 og fv. 6046

Tre avkøyrsler vert sanert og erstatta av to fellesavkøyrsler. Den eine fellesavkøyrsla samlar trafikken frå bustadene på Smågetoppen. Den andre fellesavkøyrsla samlar trafikken frå 4/5 og 4/31. Løysingane vil sikre trafikktryggleiken til ferdande ved å redusere mengd kryssingar av gang- og sykkelvegen og gjere trafikkbiletet meir oversiktleg.

5.11 Kollektivtrafikk

Det vert lagt til rette for busslomme ved innkøyringa til Smågehaugen, om lag 100 meter lenger øst enn dagens busshaldeplass. Busshaldeplassen vert regulert i tråd med Handbok N100.

Gang og sykkelvegen knyt seg til eksisterande busshaldeplass ved Smågetoppen.

5.12 Teknisk infrastruktur

I samband med prosjekteringa av gang- og sykkelvegen vil eksisterande vassleidning i området verte skifta ut, samt nye veglys sett opp.

Overvasshandteringa skal vere tilstrekkeleg for å imøtekome framtidige konsekvensar av klimaendringane.

5.13 Grunntilhøve

Med utgangspunkt i at det er berg i dagen over store delar av området, og kunnskap frå lokal grunnentreprenør, er det anteke grunt til berg (<2m) over heile området. Sjå også Figur 21 og Figur 22.

Terrenget er særleg kupert med berg i dagen slik at evt. blaute massar ikkje kan utløyse områdeskred, der utløpsmekanismane er hindra av berg i dagen. Det finst heller ikkje overliggande skråningar som kan utløyse områdeskred som kan ramme tiltaket.

Det konkluderast med at tiltaket ikkje er utsett for områdeskred, og områdestabilitet er vurdert ivareteken.

5.14 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit i samsvar med plan og bygningslova § 4-3. Det blir her vist til utfylt sjekkliste frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (vedlegg 3).

6 Planprosessen

6.1 Planprosess

Melding om oppstart av planarbeidet	20.05.2022
Merknadsfrist etter melding om oppstart	01.07.2022
Vedtak om utlegging til offentleg høyring	
Høyring i perioda	
Vedtak i kommunestyret	
Klagefrist etter endelig vedtak	

6.2 Varsling av planoppstart

Varsel om oppstart av planarbeid vart kunngjort i Romsdal Budstikke og på kommunen si heimeside den 20.05.2022. Frist for merknader vart sett til 01.07.2022. Ved utløpt merknadsfrist var det mottatt 8 uttalar.

Sjå vedlegg 4 for oppsummering og kommentar til innspela

6.3 Offentleg ettersyn – innkomne merknadar

I møte dd.mm.åååå vedtok Drift- og arealutvalet å leggje planforslaget ut til 1. offentlege høyring. Planforslaget låg ute til offentleg høyring i perioda dd.mm.åååå – dd.mm.åååå, og det kom inn totalt xx merknader.

Sjå vedlegg X for oppsummering og kommentar til innspela, og vedlegg X for innspela i sin heilskap.